



Seim Bygg AS  
Nesbrekka 28  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 17/431 - 17/11498

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
20.04.2017

## Førerels svar - trøng for tilleggsdokumentasjon - gbnr 137/747 Alver

Kommunen stadfestar å ha motteke dykker søknad .

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vedlegg til skjema 5174 er komen fram med forsendinga. I følgjebrev til søknaden vert det vist til skjema 5174. Dette vedlegget er ikkje komen fram saman med forsendinga. Det bes om at dette vert sendt inn på nyt.
2. Fullmakt frå heimelshavar/tiltakshavar til ansvarleg søker manglar.
3. Situasjonskartet frå Lindås kommune er utdatert. Nytt situasjonskart er lagt ved dette skriv. Situasjonskartet må oppdaterast med plassering, høgde og lengde av mur mot nabo, vatn- og avlaupsleidningar (bygningen må ikkje plasserast over leidningar i grunnen – avstand til offentleg leidningsnett må vere meir enn 4 meter), avstand til nabobygg, garasjen sin møneretning, evt.terrengendringar.
4. Teikningar av snitt og plan er utydelege. Det må sendast inn tydeligare målsatte teikningar. Samla BRA inkludert målbart areal på 2. plan/loftet må opplysast.

Vi tolkar teikningane slik at 2. plan/loft har målbart areal. Med målbart areal på loftet blir garasjen større enn 50 m<sup>2</sup> BRA. Dette utløyer krav om nabokerlæring, der det uttrykkelig fremgår at naboen samtykker til at garasjen kan plasserast nærmere nabogrensen enn 4 meter, evt. kan det søkjast om dispensasjon etter pbl. § 19-2, jf. pbl. §29-4 tredje ledd. Det må opplysast om loftarealet har bruksareal mindre enn 1/3 av underliggende etasjers bruksareal, jf. TEK 10 § 6-1 c). Det må opplysast om kva arealet på 2. plan skal brukast til.



Teikningar på mur må vise høgde og lengd. Mur mot nabo er plassert i nabogrensen og er søknadspliktig hvis den er over 0,5 m høy, jf. pbl. §20-5 e), Sak10 §4-1 d) pkt. 6 og reguleringsføresegn til Mangerbua pkt. 3.1 første avsnitt.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 12.05.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkinger i saksgangen.

#### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

#### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Situasjonskart, gbnr 137-747

#### **Kopi til:**

Vegar Marøy Sætre

Nedre Mangerbua 5911  
8

ALVERSUND

#### **Mottakarar:**

Seim Bygg AS

Nesbrekka 28 5912

SEIM